

## Gode kolleger i kommunane, Helse Førde, Hauglandssenteret, Fylkeslegen

Her kjem utdrag frå nettsidene våre vekene etter nyttår 2017 – både aktuelle saker og PKO kalenderen. All denne informasjonen finnast også på <https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

**13.02.17**



### Erfaringskonferansen

Nyttig og viktig erfaringskonferanse mellom helsepersonell i kommunane og i Helse Førde arrangert på Skei 06. februar.

[Les meir](#)


**26.01.17**



### Endra rutine ved ø.h. innlegging i Helse Førde frå første februar.

Frå 01.02.17. endrar tre avdelingar i Helse Førde si telefonrutiner for øyeblikkeleg hjelp innleggningar. Endringane gjeld medisinsk, kirurgisk og ortopedisk avdeling i Førde. Denne informasjonen inneholder nye rutinar, men også ein repetisjon av andre ø.h. rutinar for fastlegar og legevaktslegar.

[Les meir](#)



### Mammografiprogrammet vs klinisk mammografi

Ved avslutta mammografiscreening p.g.a. alder har det over noko tid vore gitt signaler om at pasienten etter eige ynskje kunne få tilvising for vidare screening av fastlegen. Denne praksisen strir mot strålevernforskrifta. Det skal vere ein medisinsk indikasjon for mammografi utover screeningtida.

[Les meir](#)



## Brukerhandbøker for labtenester i Helse Førde forbetraast

Funksjonaliteten i brukerhandbøkene i Helse Førde er i stadig utvikling. Bl.a. har mikrobiologen no laga søkefunksjon i brukerhandboka for å finne aktuelle analyser og ei lenke der ein får viktige opplysningar for prøvetaking ved ulike kliniske problemstillingar.

[Les meir](#)

Klinisk kjemisk avdeling i Helse Førde også oppdatert med praktisk og nyttig brukerhandbok og analyseoversikter

[Les meir](#)

Helse Bergen har utarbeidd felles alfabetisk analyseoversikt ovar alle typer labprøver inkludert mikrobiologi. Nyttig!

[Les meir](#)

**19.01.17**



## Nytt frå Noklus Sogn og Fjordane

Noklus har ei aktiv gruppe i Sogn og Fjordane som dei fleste legekontora kjenner godt til. Dei har nyleg sendt ut eit nyhendebrev som omhandlar dei viktigaste sakene som Noklus jobber med her lokalt - bl.a. annonserer dei no eit Noklus grunnkurs som skal arrangerast i mars.

[Les meir](#)

## INR – måling og eigendosering - LMS kurs

Noklus i samarbeid med LMS og med avd Helse Førde arrangerer regelmessig kurs i eigenmåling INR. Dei skriv i si nsiste annonsering av kurset at målgruppa er pasientar som bruker medikamentet Marevan og måler INR og at dette gjeld pasientar med langtidsbehandling med Marevan som ønskjer å ta ansvar for eiga behandling med måling av INR og dosering av Marevan. Dei fleste av desse vil idag vere relativt yngre pasientar med metallklaff der dei nye DOAK ikkje er aktuelle. Pasientar som er aktuelle må tilvisast av lege og tilvisinga sendast elektronisk til indremedisinsk avdeling Førde Sentralsjukehus.

[Les meir](#)



## AMK Førde - nye telefonnummer

AMK Førde handterar medisinsk nødtelefon 113 frå Sogn og Fjordane (unntak Gulen Kommune) og omfattar ca. 110 000 innbyggjarar. Dei koordinerer ca. 30 ambulansar og er LA AMK sentral for eit ambulansehelikopter og administrator av ambulanseoppdrag for SeaKing Florø. 113 svarast av sjukepleiar med spesiell kompetanse i vurdering av medisinske hendingar og rettleiing i livreddande førstehjelp. I tett samarbeid med ressurskoordinator set ein i verk nødvendige tiltak.

AMK Førde tek i mot og koordinerer førehandsbestilte ambulanseoppdrag frå legekontor, sjukehus, institusjonar, etc.

Det er no innført nokon nye rutiner og telefonnummer.

[Les meir](#)



## Ny quantiferon analyse ved Mikro Førde.

16. januar-17 startar Mikrobiologisk avdeling med ny Quantiferon-analyse (IGRA) med 4 glas påvising av latent tuberkuloseinfeksjon. Dermed kan desse prøvane no sendast til Helse Førde, og ikkje til Helse Bergen. (Helse Bergen har også gått over til ny metode med fire glas).

Informasjon i brukarhandboka om prøvetaking.

[Les meir](#)



## Nyttig å bruke lokal patologisk lab i Førde for hudbiopsier!

PKO har fått ein epost frå avdelingssjef Bjørn Ståle Sund ved patologisk avdeling Helse Førde der han minner om tilboda dei har. Han skriv at det er en fordel for dei å ha prøvene fra starten av i sitt arkiv ! Han skriv vidare at ved oppfylgjande behandling av ulike typar kreft (og forstadier) må dei no ikkje sjeldan innkalle prøver frå andre laboratorier – som er tungvint og arbeidskrevande. Det er oftest hudlegane som ber om innkalling. Det å handtere også primærlesjonen lokalt kan bety ein del for den oppfylgjende behandling (størrelse på utvida eksisjon, ev. lysbehandling i staden for kirurgi, ev. behov for videre oppfølging). Patologisk lab i Førde har også den fordel at prøvene kan diskuterast med hudlege på staden – nokon av desse blir såleis teke opp på tverrfaglig møte som blir arrangert ein gang per mnd. med hudadv. Ein minner også om at alle patologisk anatomiske svar frå Helse Førde no kjem elektronisk og at rekvisisjonen også kan sendast elektronisk via IHR rekvisisjon frå dei legekontor som har installert DIPS Interactor.

[Les meir](#)



## LMS kurs første halvår 2017

Gode og nyttige LMS kurs i opplæring av pasient og pårørende har fått ny plassering på nettsidene til Helse Førde.

[Les meir](#)

**05.01.17**



## Nok ein gong om MRSA smitte og tilvising til sjukehus

Stadig kjem det merknader frå avdelingar og poliklinikkar i Helse Førde om tilviste pasientar der det skulle vore gjort MRSA screening men så ikkje er gjort. Viktig å sjekke med pasienten om han skal undersøkast ifht dette når ein tilviser eller gi info om status ved ØH innleggelse. Info saksast frå Folkehelsa sin MRSA vegleiar pkt 4.1

Ved innleggelse og før pasientrettet arbeid i sykehus tas MRSA-prøve av alle som:

- tidligere har fått påvist MRSA, men ikke senere hatt tre negative kontrollprøver, eller som i løpet av siste 12 måneder har:
- fått påvist MRSA (selv om senere kontrollprøver har vært negative), eller
- bodd i samme husstand som MRSA-positive, eller
- hatt nær kontakt med MRSA-positive uten å bruke beskyttelsesutstyr, eller som i løpet av siste 12 måneder har vært i land utenfor Norden og der har:
- vært innlagt i helseinstitusjon, eller
- fått omfattende undersøkelse eller behandling i en helsetjeneste5, eller
- arbeidet som helsearbeider, eller
- oppholdt seg i barnehjem eller flyktningleir.

I tillegg tas MRSA-prøve av alle som har kliniske symptomer på hud-/sårinfeksjon, kroniske hudlidelser

eller innlagt medisinsk utstyr gjennom hud eller slimhinner, og som i løpet av siste 12 måneder har:

- oppholdt seg sammenhengende i mer enn 6 uker i land utenfor Norden

[Les meir](#)



## PKO kalenderen

## Kurs i akuttmedisin for turnuslegar og allmennlegar

Kurs 1. 13. – 14. mars og

Kurs 2. 15. – 16. mars, 2017

Stad: Førde Sentralsjukehus.

Kurs i bruk av helseradio i nødnett på kvelden 14. mars.

Fylkeslegen har lagt ut kursa for påmelding på Fylkesmannen sine sider. Det vert arrangert to kurs i akuttmedisin for å gi alle legar som treng dette i si spesialisering eller for å køre legevakt høve til å ta dette lokalt. Turnuslegar har framleis prioritet , men no vert det meir enn 20 plassar til legar. Kurs i nødnett har også turnuslegar prioritet

### **Kurs i akuttmedisin**

### **Kurs i bruk av nødnett**

## **Kurs i normaltariffen, regnskap og skatt m.m. "Takstkurset"**

Måndag, 20. mars 2017

Læringsmål:

Å optimalisere takstbruken til glede for lege, legekontor, kommune og Helfo.

Målgruppe: Turnuslegar, allmennleger og medarbeidrarar

Kursarrangør: Sogn og Fjordane legeforening

Kurskomite: Bjarne Storset og Audun Hammer

Kurssted: Thon Hotel Jølster, 6841 Skei

Påmelding til: Påmelding på e-post til Bjarne Storset: [b@storset.net](mailto:b@storset.net)

[Les meir](#)

## **Kvalitetskonferansen 2017**

Tid: 29.-30.03.2017

Stad: Scandic Sunnfjord Hotel og Spa i Førde

Tema for konferansen er "Pasienttryggleik - vårt ansvar, mitt ansvar", med eit særskild fokus på samval og brukarmedverknad.

[Les meir](#)

## **Sårkurs**

"Kroniskeår i allmennmedisin med vekt på det kompresjonstrengjandeår"

Tid: Tysdag 4. april 2017

Stad: Thon hotel Jølster på Skei

[Program](#)

[Les meir](#)

## **Samhandlingskonferansen 2017**

Tid: 20.-21. april

Stad: Scandic Sunnfjord Hotell og Spa i Førde

Tema: Leiing, innovasjon og oppgåvedeling, praktisk bruk av velferdsteknologi i Sogn og Fjordane

Målgruppe: Politisk og administrativ leiing i kommunane, leiarar, helsepersonell og andre tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester, leiing, helsepersonell og andre tilsette i spesialisthelsetenesta, brukarrepresentantar og andre interesserte.

Mål: Konferansen har eit mål om å bidra til god kultur for samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, gi kunnskap gjennom gode innlegg og drøftingar, synleggjere døme på

innovative satsingar, god praksis og moglege teknologiske løysingar.  
Meir info seinare.

## Nasjonalt Diabetesforum, Oslo 2017

Tid: 26.-27. april 2017  
Stad: The Qube, Clarion Hotel & Congress Oslo Airport  
[Les meir](#)

## KURS om Legemiddelassistert Rehabilitering (LAR)

Tid: 27.april 2017  
Stad: Skei Hotell, Jølster  
[Les meir](#)

## Samhandlingsmøte på Rus døgn

«Frå avmakt til ressurs»  
Tid: Torsdag 11. mai 2017; Tronvik  
[Les meir](#)

## Emnekurs i psykiatri

Tid: 08.-09.05.17  
Stad: Operahuset Nordfjord, Eid  
Meir info seinare

## Nettverk - sjukeheimslegar

Dato: 18. mai 2017 09:00 - 15:00  
Stad: Thon Hotel, Skei i Jølster  
Ansvarleg: Fylkesmannen v/Jacob Andersen  
Målgruppe: Sjukeheimslegar  
Påmeldingsfrist: 11.05.2017  
[Les meir](#)

## Solstrandkurset i regi av NOKLUS

- emnekurs i laboratoriemedisin  
Kurs 1: 3.-4.november  
Kurs 2: 17.-18.november.  
Stad: Solstrand Fjordhotell, Os ved Bergen.  
Meir info seinare

Minner også om ny samhandlingsside – eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane ved KS, Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet med bl.a. Samhandlingsbarometeret  
<http://samhandling-sfj.no/>

Med helsing

**PKO i Helse Førde**

**Anne Stubal Jan Ove Tryti Normund Svoen**

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)